






ÅRSMELDING 1986

FISKERIDIREKTORATET
HØVEDBIBLIOTEKET

FISKERIRETTLEIAREN I SANDE OG VÅNYLVEN

6084 Larsnes

- 5 JUNI 1987



INNHALDSOVERSIKT

Kapitel 1. Rettledningstjenestens virksomheit og funksjon.

- 1.1 Kontoret
- 1.2 Personalet
- 1.3 Korrespondanse
- 1.4 Møtevirksomheit/viktigste prosjekter
- 1.5 Deltagelse i utvalg, nemder, råd og komitèer
- 1.6 Tjenestereiser utanfor rettledersonen
- 1.7 Fiskerinemnda
- 1.8 Møtevirksomheit i nemnda
- 1.9 Viktige fiskerinemndsaker
- 1.10 Administrative erfaringer med tjenesten i beretningsår

Kapitel 2. Sysselsettingen i fiskerinæringen.

- 2.1 Fiskermanntalet
- 2.2 Sysselsettingen i foredlingsleddet
- 2.3 Sysselsettingen i oppdrettsnæringen
- 2.4 Virksomhet som er avledet av fiskerinæringen
- 2.5 Fiskerinæringens totale sysselsetting
- 2.6 Ytelsar frå garantikassen for fiskere

Kapitel 3. Fiskeflåten.

- 3.1 Merkeregisterdata
- 3.2 Distriktsvis fordeling av fiskeflåten
- 3.3 Konesjonsbilde for kommunen.

Kapitel 4. Foredlingsleddet.

- 4.1 Fiskebedriftene
- 4.2 Råstoff, produksjon, kvantumsutvikling

Kapitel 5. Fiskeoppdrett/akvakultur.

- 5.1 Opprettsdata (tonn rund vekt, 1.000 kr.)

Kapitel 6. Låne- og finansieringskilder.

- 6.1 Statens Fiskarbank
- 6.2 Andre låne- og finansieringskilder


Kapitel 7. Tiltaksplaner/tiltaksidéer.

Kapitel 8. Oppsummering/status.

FISKERIRETTLEIAREN I SANDE OG VANYLVEN
6084 LARSNES

DISTRIBUSJONSLISTE FOR ARSMELDING 1986.

<u>Tilsendt</u>	<u>Antal</u>	<u>1.oppl. 50</u>
Sande Fiskerinemd	5	
Vanylven Fiskerinemd	5	
Sande kommune	5	
Vanylven Kommune	5	
Landbrukskontoret Sande	1	
Landbrukskontoret Vanylven	1	
Fiskeridirektoratet	1✓	
Fiskerisjefen i M & R	1	
Fiskerirettleiaren i Herøy	1	
Fiskerirettleiaren i Hareid og Ulstein	1	
Fiskerirettleiaren i Frøya m/fl.	1	
Lokalbladet Synste Møre	1	
Lokalbladet Vestlandsnytt	1	
Statens Fiskarbank	1	
Sande Regnskapskontor, Larsnes	1	
Sparebankregnskap, Larsnes.	1	
Syvde Regnskapskontor, Syvde	1	
Vestlaks, Fiskeoppdrett, Sandshamn	1	
Bringsvorlaks, Fiskeoppdr. Sandshamn	1	
Jan Bugge M/Fl. Fiskeoppdr. Sandshamn	1	
Vanylven Stam og Settefisk, Aheim	1	
Skorge og Bjørge Fiskeoppdr. Aheim	1	
Starlaks Fiskeoppdrett, Rovde	1	
J.M.Bringsvor, Fiskeforedling, Sandshamn	1	
Mykle Preserving, Fiskeforedl. Sandshamn	1	
Sandanger Hermetikk, Gjerdsvika	1	SUM= 42 stk.



1.0 RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON.

1.1 KONTORET.

Kontoret dekkjer kommunane Sande og Vanylven. Hovudkontoret er i andre høgda i "Gamlebanken" på Larsnes. Gamlebanken ligg like ved Sande Rådhus og er kommuna sin eigedom.

I tillegg har ein kontorlokale i Kjellaren i Vanylven Rådhus, Fiskåbygd. Kontoret er ope kvar dag frå 0800 til 1545. Sidan kontoret er einmannsbetjent vil ikkje begge kontorlokale verte betjent samtidig. Fast betjening av kontoret i Vanylven er kvar fredag. Dette gjeld frå og med 1987. For 1986 var fast dag tirsdag. Endringa vart gjort for å tilrettelegge for møter i dei to tekniske utvalg i kommunene.

Hovedkontoret vert dermed betjent alle dagar unntatt fredag.

1.2 PERSONALE.

Fast bemanning er fiskerirettleiar. Dei fyrste tre månane av 1986 hadde kontoret kontorassistent i halv post gjennom sysselsettingstiltak. Bjørg Sandanger, Larsnes var då tilsett. Frå 24.august hadde fiskerirettleiareren permisjon ein dag for veka for å delta i undervisning ved Herøy Vidaregåande skule. Dette varde fram til 8. desember. I dette tidsrom var kontoret betjent av Gunn-Eli Sandvik, Larsnes som vikarierte som kontorassistent.

(Kontoret vart utstyrt med automatisk telefonsvarar i 1986.)

1.3 KORESPONDANSE.

Registeret for utgåande brev hadde 94 registreringar. Dette er under halvparten av 1985 som hadde 218. Dette er utslag av omlegging av registrering av ut og ingåande post. Slik registrering har vore tidkrevande då kontoret mottok mykje informasjon og sender ut både informasjon og søknadsskjema. Registeret viser dermed berre saker som kontoret har behandla. Etter oversikt har kontoret sendt omlag 800 brev og mottokje omlag 1200 skriv. Arbeid med å registrere og arkivere så stort volum av post vart etter vurdering for tidkrevande utan serleg nytte av arbeidet. Ein har praktisert ordninga ved nedtrapping over to år og har ikkje fått vanskar med ordninga enno.

1.4 MØTEVERKSEMD/VIKTIGASTE PROSJEKT.

Fiskerirettleiareren har deltøkje på tiltaks- og næringsmøter som har vorte halde i kommunene. Han var ellers med i fagplannemnd for A.M.O-kurs i Fiskebehandling/Næringsmiddelhygiene for Fiskarar. Kurs etter denne fagplan vart halde ved Herøy Vidaregåande hausten -86. Under permisjon deltok fiskerirettleiareren i undervisning ved Herøy V.S. med tre undervisningsdagar i dette kurset og 12 undervisningsdagar i A.M.O.-kurs i Matfiskoppdrett. Eit prosjekt i privat regi for å forsøkje samle framtidige kveiteoppdrettarar lokalt til opplegg for å intensivere framdrift i kveiteoppdrett har vorte vist serleg velvilje frå kontoret. Aktivitet under dette avsnitt har vesentleg foregått utanom arbeidstida.

1.5 DELTAKING I UTVAL, NEMDER, RÅD OG KOMITEAR.

Som medlem av kommunal nemd for planlegging av vidaregåande skuletilbod i Sande har fiskerirettleiaren vore med på to møter i nemda. Nemda la fram plan for kurs-1 i fiskeoppdrett. Eit møte i nemd for hamnedistriksplan for Vanylven. Eit møte i hamnestyret i Sande. Pålegg om møteplikt/rett i kommunale tekniske utvalg etter den nye planlov har enno ikkje fått serleg utslag. Dette har vesentleg sin grunn i at desse møter kolliderar med kontorrutinene. For 1987 vil ein endre kontorrutinene for å tilpasse møta. I beretningsåret hadde ein derfor berre eit oppmøte i kvar av utvalga.

1.6 TENESTEREISER UTANFOR RETTLEIARSONA.

15/2. Arsmøte i M/R Skjelldyrkarlag, Molde.
28/2. Budsjettmøte i Ålesund.
29/til 31/10. Fylkeskontaktmøte i Kr.sund N
4/til 7/11. Landssamlingskurs i Geiranger.

1.7 FISKERINEMDER.

Fiskerinemdene er valde for perioden 1984 - 1987.

SANDE FISKERINEMD.

1. Jakob Strand, 6077 Gjerdsvik.	Formann.
2. Eivind Kobbevik, 6149 Åram	N.formann.
3. Oddvar Hauge, 6087 Kvamsøy.	Medlem.
4. Gabriel Muren, 6083 Haugsbygda.	Medlem.
5. Sverre Voksøy, 6089 Sandshamn.	Medlem.

VARAMENN: (Ikkje personlege)

1. Martin Nystøyl, Åram.
2. Johann Knotten, Gurskebotn.
3. Odd j. Rovde, Larsnes.
4. Arne Bugge, Kvamsøy.
5. Bård Muren, Gjerdsvik.

VANYLVEN FISKERINEMD.

1. Kåre Krokvik, 6143 Fiskåbygd.	Formann.
2. Knut M. Myklebust, 6140 Syvde.	N.formann.
3. Magnar Voldsund, 6140 Syvde.	Medlem.
4. Per Berge, 6145 Slagnes.	Medlem.
5. Arthur Wik, 6130 Rovde.	Medlem.

VARAMENN: (Personlege)

1. Ove Sivertstøl, Fiskåbygd.
2. Ola Arseth, Eidså.
3. Inge Reite, Syvde.
4. Sivert Sylte, Sylte.
5. Knut Velsvik, Rovde.

NB.Statens Fiskarbank si takstnemd, sjå del 6 i Arsmeldinga.

1.8 MØTEVERKSEMD I NEMDENE:

På grunn av medlemene sin aktivitet i fiske har nemdene vanskar med samling. Dette gjeld serleg for vårsesongen og Sande Fiskerinemd har serleg hatt vanskar. Ein har forsøkt løyse dette ved administrativ behandling og seinare referert i nemda. Vanskane har for det meste vore at både formann og n.formann har hatt forfall.

SANDE FISKERINEMD:

Det vart halde 5 ordinære møte og eit minimøte. Det vart behandla 20 ordinære saker og framlegg til fiskarmanntal og klagebehandling av fiskarmanntalet. Det vart referert 63 saker/brev.

VANYLVEN FISKERINEMD:

Det vart halde 6 ordinære møter. Det vart behandla 19 ordinære saker og 29 referatsaker/brev. Rullering og klagebehandling av fiskarmanntalet.

1.9 VIKTIGASTE FISKERINEMDSAKER:

SANDE FISKERINEMD:

23 søknader til Fiskarbanken om finansiering.
5 søknader om kondemnering.
6 søknader om konsesjon.
4 søknader om erhvervsløyve til fiskefartøy.
9 søknader om oppdrettsløyve.
1 forespørsel frå garantikassa.

VANYLVEN FISKERINEMD:

9 søknader til Fiskarbanken om finansiering.
11 søknader om oppdrettsløyve.
Uttale til hamnedistrikt.
Uttale til forureiningsforhold i sjøområdet i kommuna.

1.10 ADMINISTRATIVE ERFARINGAR MED TENESTA I MELDINGSÅRET.

Kontoret har vore fullt engasjert etter evne i arbeidsåret. Under dei tre første månane med kontorassistent fikk denne ta seg vesentleg av kontorrutinearbeid. Sidan ein var klar over at denne stilling ikkje vart forlenga vart det opplagt til å forsøkje redusere desse til eit minimum. Journalføring og arkiv er derfor redusert og tilpassa det ein meiner eit einmannsbetjent kontor har behov for. Arkivet vil ein i nødsfall kunne få hjelp frå fiskerisjefen.

Med den nye planlova som vart innført i meldingsåret vart kontoret deltakar i kommunane sine tekniske utvalg/bygningsråd. For meldingsåret vart deltakelsen heller liten då dei innarbeidde møterutinene for dei to utvalg innan rettleiingsområdet kolliderte med kontoret sine rutiner. Kontorrutinene vart endra for komande år for å tilpasse dette.

Ein ventar demed regulært fammøte med få unntak kan verte vanleg praksis. Eg ser på dette som svært viktig for kontakt med kommuna. Eg har fått inntrykk av å vere velkomen og håper på godt samarbeid og at begge partar kan få utbytte av samarbeidet. Behandlingsopplegget for oppdrettskonsesjonar er iferd med å kome i gjenge etter omlegging til meir kommunal behandling. For dei artar som ikkje har næringsmessig behandling på fylkesplan kan det frå kommunalt hold hevdast at kommunene burde tilleggst uttale på rasjonell og næringsmessig basis. Ein meiner å ha grunn til å frykte at konsesjonar med lite rasjonelt grunnlag skal båndlegge intressante sjøområde for rasjonelle aktivitetar. Ei løysing på dette vil vere kystsoneplanlegging. Denne planlegging synest vere så kostbar at kommunal økonomi i mitt distrikt ikkje kan forventast å bere det utan høg prioritering. Det synest derfor foreløbig uaktuelt. Ei kan derfor forvente at med meir erfaring i behandlinga vil kommunene forsøkje legge rasjonelle vurderingar til grunn for sine tilrådingar for å oppnå resultat.

Kontoret har i året prioritert kontakt med skuleverket lokalt. I grunnskulen synest undervisninga vere stram slik at meir fiskerinæringsmessig tilpasning kan verte vanskeleg. Imidlertid synest interessa å vere aukande slik at vi ventar positiv utvikling, då skulen viser meir lokal interesse. Herøy Vidaregåande har vist interesse for fiskerilinjer og med sine nye distriktstilbod i grunnkurs og A.M.O-kurs i fiskerifag er dette stor framgang. Imidlertid synest vi at det er beklagelig at det trevekers kurs i Fiskebehandling/Næringsmiddelhygiene som vart starta for første gong hausten -86 vart stroke av budsjettet. Vi hadde håpa at dette kunne ført til VK-1 kurs i fiskeforedling. Administrativt sett har ein ikkje mottekje klage eller vellåte på kontoret sine vegne i beretningsåret. Om kontoret har fungert godt eller dårlig eller tilfredsstillande er vi ikkje istand til å vurdere då ein manglar grunnlag. Ein vel derfor å tru at det har fungert rimeleg.

2.0 SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1 FISKARMANNTALET.

Alle komuner skal sette opp manntal over fiskarar og fangstfolk. Fiskerirettleiaren er manntalsfører i Sande og Vanylven.

Manntalet er delt i blad-A og blad-B. Blad-A er for fiskarar med fiske som tilleggsyrke, blad-B som hovudyrke. Fiskarane sine sosiale rettar er baserte etter status i manntalet. Blad-B gir fulle rettar, mens blad-A gir sterkt reduserte rettar. I prinsipp er det berre manntalsførde som oppnår status til fiskarane sine rettar etter lovverket. Det er derfor viktig for fiskarar å verte innførde i manntalet. Det er fiskarane sjølv sitt ansvar å melde seg for manntalet både inn, ut og andre endringar. (f.eks. flytting).

OVERSIKT OVER FISKARMANNTALET MED ALDERSGRUPPERING 1984 OG 1986.

SANDE

<u>Tekst/Gruppe</u>	<u><20</u>	<u><30</u>	<u><40</u>	<u><50</u>	<u><60</u>	<u><67</u>	<u><70</u>	<u>>70</u>	<u>SUM</u>
Blad-A 1984	0	0	0	2	1	8	2	10	23
Blad-A 1986	0	0	0	2	3	9	2	10	26
Blad-B 1984	22	73	37	38	30	13	2	0	215
Blad-B 1986	28	77	37	40	30	11	2	1	226
<u>VANYLVEN</u>									<u>0</u>
Blad-A 1984	0	0	0	1	1	2	3	5	12
Blad-A 1986	0	0	0	2	3	0	2	6	13
Blad-B 1984	13	36	30	21	19	4	0	0	123
Blad-B 1986	20	49	30	24	21	4	0	0	148

VED GARANTIKASSEN FOR FISKARAR ER INNTEKT OG DRIFTSTID REGISTRERT.

For det tre siste år som er klar viser registreringane.

SANDE

<u>AR</u>	<u>*-----SUM-----*</u>	<u>*FISKARAR REG*</u>	<u>*-----GJENNOMSNIITT--*</u>	<u>AR</u>	<u>Innt.DAG</u>
	<u>Driftsd.</u>	<u>Innt.</u>	<u>GFF. F.mannt.</u>	<u>Driftsd.</u>	
1983	47.704	20.686.080	233 231	205	88.781 433
1984	47.794	22.451.633	235 238	203	95.539 471
1985	41.966	22.425.642	222 224	189	101.016 534

VANYLVEN

1983	27.588	15.929.810	138 121	200	115.433 577
1984	29.867	16.116.491	162 135	184	99.485 541
1985	29.557	17.873.672	165 139	179	108.325 605

SYSSELSETTINGA I FISKE/FANGSTLEDDET 1986

SANDE

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	226 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	9 årsverk
<u>SUM SANDE</u>	<u>235 årsverk</u>

VANYLVEN

Fiskarmanntalet blad-B (et årsverk)	148 årsverk
" " " " blad-A (1/3 årsverk)	4 årsverk
SUM VANYLVEN	152 årsverk

2.2 SYSSELSETTINGA I FISKEFOREDLINGA.

(For nærare oversikt sjå kap.4.1.)

SANDE

Årsverk 1984	25	
Årsverk 1985	28	Tilsette: 24 kvinner 13 menn.
Årsverk 1985	27	Tilsette: 25 kvinner 11 menn.

VANYLVEN

Ikkje fiskeforedling i Vanylven kommune.

2.3 SYSSELSETTINGA I FISKEOPPDRETT.

(For nærare oversikt sjå kap. 5.1.)

SANDE

1984	7 årsverk
1985	7 årsverk
1986	7.5 årsverk

VANYLVEN

1984	9 årsverk
1985	9 årsverk
1986	15 årsverk

2.4 VERKSEMD AVLEIDD FRÅ FISKERINÆRINGA.

LINEEGNESENTRALAR.

To lineegnestasjonar kom i drift i Sande kommune i 1986. Sandshamn Lineegnesentral med John Longva som kontaktmann og Åramsundet Lineegnesentral ved Per Inge Nystøyl. Sandshamn med 6 tilslutta fartøy og Åramsund med 4 tilslutta fartøy. Sandshamn sentral kom igang juli-86 og ut året vart det vatna 159.500 krok med fangst 24.720 kg. fisk. Åramsund sentral kom igang i oktober-86 og ut året vart det vatna 258.400 krok med fangst 19.727 kg fisk. Det alt vesentlege av egninga er sjølvegna slik at det har foreløbig gitt lite tillegg i sysselsetting. For dei tilslutta fiskarane har betra arbeidsforhold og samarbeid gitt betre effekt i drifta.

ANNA VERKSEMD I SANDE

Den vesentlege verksemd avleidd frå fiskerinæringa i Sande er dei 3 mekaniske verksted som vesentleg får sine oppdrag frå fiske ved bygging, ombygging og reparasjonar av fiskefartøy. Plastteknikk er engasjert i oppdrag for fiskeoppdrett, Pla-Ny innan plast og pressenning og Sande Regnskapskontor, Sparebankregnskap innan regnskap. Nedanforstående oversikt viser samla aktivitet for bedriftene og andel avleda frå fiske etter spørreunde til dei for 1986.

<u>NAMN</u>	<u>TILSETTE</u>	<u>OMSETN.</u>	<u>FISKE %</u>	<u>FRA FISKE</u>	<u>OMSETN</u>	<u>TILS.</u>
Larsnes Mek.	40	48 mill.	90%		43,20	36
LONGVA, Mek.	40	58 mill.	95%		55,10	38
Mykleb. Mek	105	54 mill.	35%		18,90	37
Pla-Ny	8	6,6 mill.	10%		0,66	0,8
Plasteknikk	12	18 mill.	100%		18,00	12
Sande Regnsk.	5	1,3 mill.	40%		0,52	2
Spareb.regnsk.	3	0,8 mill.	33%		0,27	1
<u>SUM 1986</u>	<u>213</u>	<u>186,7 mill.</u>	<u>60%</u>		<u>136,65</u>	<u>126,8</u>
<u>SUM 1984</u>	<u>190</u>	<u>79,2 mill.</u>	<u>76%</u>		<u>60,24</u>	<u>144,8</u>

AVLEDA VERKSEMD I VANYLVEN

Utanom administrasjon og regnskap for fartøya tilhøyrande kommuna har Vanylven lite sysselsetting frå fiske/fangst. Sjølvpakkinga ved Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett gir noko deltids arbeid i pakkesesongen. Etter vurdering er denne sysselsetting samla sett til 3 årsverk.

2.5 FISKERINÆRINGA SIN TOTALE VERKNAD 1986.

SANDE KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	235	(Kap.2.1)
Sysselsett i fiskeforedling	27	(Kap.4.1)
Sysselsett i fiskeoppdrett	7.5	(Kap.5.1)
<u>Sysselsett i avledda verksemd</u>	<u>126,8</u>	<u>(Kap.2.4)</u>
<u>SUM SANDE 1986</u>	<u>396,3</u>	<u>*</u>

Oppsett for 1984 viste 404

ØKONOMISK BIDRAG TIL SANDE

<u>Oppsett for 1984 viser</u>		<u>Kr. 103.308.000,-</u>
Liknande oppset 1986:		
Fiskarinntekt 1985	Kr. 22.425.642,-	
Omsetn.Fiskeind.-86	Kr. 20.000.000,-	
Omsetn.Fiskeopp.-86	Kr. 12.000.000,-	
<u>Avledda verksemd -86</u>	<u>Kr.136.650.000,-</u>	<u>SUM= Kr.191.075.642,-</u>

Samanlikninga med 1984 viser ein nedgang i sysselsetting på 2% og for økonomisk bidrag ein auke på 85%. Dette oppsett er sterkt avhengig av verksteda sine kontraktar, men fiskerinæringa er og vil mest sannsynleg verte endå meir dei næraste år, hovudbeskjeftelsen ved desse verksemdar.

VANYLVEN KOMMUNE.

Sysselsett i fiske	135	(Kap. 2.1)
Sysselsett i Fiskeforedling	0	(Kap. 4.1)
Sysselsett i fiskeoppdrett	15	(Kap. 5.1)
<u>Sysselsetting avleidd frå fiske</u>	<u>3</u>	<u>(Kap 2.4)</u>
<u>SUM 1986</u>	<u>153</u>	
<u>Oppsett for 1984 viste</u>	<u>141</u>	

ØKONOMISK BIDRAG TIL VANYLVEN

Oppsett for 1984 viser:		Kr. 21.855.000,-
Liknande oppsett for 1986:		
Fiskarinntekt 1985	Kr. 17.873.672,-	
Omsetn. Fiskeoppdrett-86	Kr. 12.500.000,-	
Omsetn. Avledda verksemd-86	Kr. 700.000,-	
SUM 1986		Kr. 31.073.672,-

Statestikk og tal som visast i dette avsnitt tilseier at fiskerinæringa har stor betydning for begge kommunar. For Sande kan fiskerinæringa seiast vere hovudgrunnlaget for næringslivet.

2.6 YTELSAR FRÅ GARANTIKASSEN FOR FISKARAR

Arbeidsløysetrygd, Garantilott og Ferietilskot. Ytelsar tilført Sande og Vanylven kommuner, samanligna med fylket og landets gjennomsnitt mot fiskarmanntalet blad B.

ÅR	F.mannt.	A-trygd	G-lott	Ferietilsk.	SUM	Gj.snitt.
<u>SANDE</u>						
1981	239	60.602	231.600	315.611	607.813	2.542
1982	267	144.754	306.800	499.782	951.336	3.563
1983	213	124.955	578.600	500.886	1.207.441	5.669
1984	215	228.435	447.400	530.209	1.206.044	5.610
1985	201	240.684	380.700	562.875	1.184.259	5.892
1986	226	220.410	746.200	545.902	1.512.512	6.693
<u>VANYLVEN</u>						
1981	128	112.098	158.500	164.292	434.890	3.289
1982	137	195.779	115.500	253.332	564.611	4.121
1983	110	135.805	184.000	304.140	623.945	5.672
1984	123	105.818	129.000	292.855	528.573	4.004
1985	129	134.664	196.200	315.305	646.169	5.009
1986	148	215.574	95.600	362.992	674.166	4.555

Landsgjennomsnitt:

1984	7.200
1985	7.900
1986	11.800

Fylkesgjennomsnitt:

1982	7.164
1983	8.884
1984	6.333
1985	6.432
1986	6.037

Tabell-2.1 SANDE(Bak i heftet)Fiskarmanntalet, endringar og bygda-del.

TABELL-2.2 VANYLVEN ---"

TABELL-2.3 SANDE OG VANYLVEN.Fiskarmanntalet grafisk siste ti år

3.0 FISKEFLÅTEN.

3.1 MERKEREJSTERET.

Oversikt over Sande og Vanylven merkeregister. Antal etter type og størrelse ved utgangen av året og endringar. (Fiskeridirektoratets register)

SANDE

År	Opne	Dekka	Sum	<9m	<12m	<20m	<35m	>35m
1985	33	59	92	48	21	12	7	4
Ut	4	12	16	6	6	3	1	0
Inn	0	5	5	3	1	0	1	0
1986	29	52	81	45	16	9	7	4

VANYLVEN

År	Opne	Dekka	Sum	<9m	<12m	<20m	<35m	>35m
1985	23	25	48	29	13	3	0	3
Ut	4	3	7	6	0	1	0	0
Inn	0	0	0	0	0	0	0	0
1986	19	22	41	23	13	2	0	3

Retten til å ha fartøy i merkeregisteret er kobla til fiskarmanntalet. Ein må stå i fiskarmanntalet for å ha rett til merkeregistrert fartøy.

3.2 BYGDAVIS FORDELING AV FISKEFLÅTEN.

(Eige register)

SANDE

Storleik	Kvamsøy	Sandsøy	Gjerdsvik	Gursken	Larsnes	Aram
Over 35 m	2	0	1	1	0	0
20 - 35 m	2	0	2	0	0	3
12 - 20 m	1	3	3	1	1	1
Under 12 m	6	16	7	14	10	9
SUM 1986	11	19	13	16	11	13
SUM 1985	14	24	14	18	11	11

VANYLVEN

Storleik	Syvde	Vanylven
Over 35 m	2	1
20 - 35 m	0	0
12 - 20 m	1	1
Under 12 m	20	16
SUM 1986	23	18
Sum 1985	27	21

BESKRIVELSE AV FLÅTEN OG AKTIVITETSOMRÅDE

Dei 4 fartøy over 35 m i Sande er ein fabrikktrålar (Kvamsøy), ein rekefrysetrålar (Gjerdsvika), ein skjellskrapar (Gursken) og ein autoline/reketrålar (Kvamsøy). Same fartøygruppe i Vanylven tel 3 fartøy. Ein kolmuletrålar, fabrikkskip (Syvde), eit ringnotfartøy (Syvde). Dette fartøy er under ombygging til også å delta i kolmuletråling. Det siste av fartøya er utrusta for ringnot kombinert med selfangst.

Ressurssituasjonen for denne gruppe var stort sett god i 1986, med unntak av reke som viste ein dramatisk nedgang. Nye felt vart funne men is og djupteforhold i fisket reduserte dei mindre fartøy i aktivitet og utbytte.

I neste gruppe mellom 20 og 35 meter har Sande 7 fartøy og Vanylven 0. Av desse 7 fartøy driv 4 autoline, (2 Åram og 2 Kvamsøy) ein småtrålar/reketrål (Åram) og 2 snurrevad (Gjerdsvika). Autolinefartøya hadde eit rimeleg godt år, for dei andre ujamt og heller svakt. Ressurssituasjonen for denne gruppe har vore god eller i vekst, men utanom lineflåten har ein hatt vanskar med å finne fisken innan dei fangstområde dei arbeidar på. Gruppe 12 -20 meter tel 9 fartøy i Sande og 2 i Vanylven. Dei 2 i Vanylven er eit Kystnot, brisling/sild/makrell kombinert med garn (Vanylven) og eit garn/linefartøy. Det siste hadde lite aktivitet i 1986. Dei 9 fartøy i Sande er 3 utrusta for snurrevad (Gjerdsvika, Haugsbygda) og driv vesentleg det. Dei andre fartøy driv større kombinasjon av line, garn, not, brugdefangst. Ressursgrunnlaget for denne gruppe synest stadig i reduksjon. Gruppa kan karakteriserast som små bankfiskefartøy og store kystfiskefartøy. Kystressursane synest svikte mest og i bankfiske er fartøya gjerne i minste laget. Gruppa under 12 meter tel 61 fartøy i Sande og 36 i Vanylven. Denne gruppe er kystfiskefartøy som vesentleg driv lokalt med line, garn, not, juksa, og harpe. Dei best utrusta av gruppa har fått brukbart resultat i dei nære bankfelt med line og garn. Generelt synest ressursgrunnlaget i reduksjon. Storparten av denne gruppe har berre sesongprega aktivitet i kortare periodar.

Det vart kondemnert 3 fartøy i 1986, 14,7, 10,9 og 10,6 meter, alle Sande.

3.3 KONSESJONSBILDE FOR KOMMUNANE.

<u>Konsesjonstype</u>	<u>Sande</u>	<u>Vanylven</u>	<u>Dreve i komb.med.</u>
Fabrikktrål (Torsk)	1	0	
Fabrikktrål (Kolmule)	0	1	
Småtrål (Ubegr)	0	0	
Småtrål (Torsk)	1	0	Reketrål.
Industrietrål	4	0	Snurrevad/Reketrål.
Reketrål (Fryse)	2	(1)*	*Fartøyet reg. i F.Mark.
Ferskfisktrål (Torsk)	0	(1)*	* -----"-----
Ringnot	0	2	Kolm.tr./Selfangst.
Brisling	0	3	Seinot/Kystnot/Garn.
Kvalfangst	1	0	Snurrevad
<u>Drivgarn laks</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>=</u>
Sum Konsesjonar	9	8	
<u>Antall Fartøy</u>	<u>9</u>	<u>7</u>	

Det vart lita endring i konsesjonane i Sande. Ein reketrålar passerte ved forlenging konsesjonsgrensa og fikk konsesjon. Fartøyet hadde tidlegare småtrålkons.torsk. I Vanylven vart eit fartøy med ubegr.trålkons. seld ut av kommuna.

4.0 FOREDLINGSLEDDET.

4.1 FISKEBEDRIFTENE.

I Sande har der vore aktivitet ved desse bedriftene i 1986.

1. J.M.Bringsvor, Sandshamn Salting/tørking.
2. Mykle Preserving, Sandshamn. Omlegging til fryseprodukt.
3. Sandanger Hermetikk, Gjerdsvika. Hermetikk.
4. Beitveit Fryseri, Larsnes. Fryseri.

Sandshamnfisk som tidlegare dreiv pakking for Bringsvor A/S har ikkje vore i virksomheit i 1986.

I Vanylven er det ikkje foredlingsaktivitet med unntak av Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett som har eige pakkeanlegg beregna på sin eigen produksjon.

FOREDLINGSBEDRIFTENE I SANDE, OVERSIKT.

<u>NAMN</u>	<u>TILSETTE</u>	<u>OMSETNING</u>	<u>ÅRSVERK</u>
J.M.Bringsvor	4 kv. 8 m	13,0. mill.	11,0
Mykle Preserv.	6 kv. 2 m	0,3. mill.	3,5
Sandanger Herm.	15 kv. 1 m	6,2. mill.	12,0
Beitveit Fryseri	0 0	0,5. mill.	0,75
<u>SUM</u>	<u>25 kv. 11 m (36)</u>	<u>20,0. mill.</u>	<u>27,25</u>

Mange av kvinnene er deltidstilsette. Menn er heiltidstilsette.

4.2 RASTOFF, PRODUKSJON, KVANTUMSUTVIKLING.

Fiskeridirektoratet er i arbeid med databehandling av sluttsedler/bryggesedler for statistikk. Fiskesalgslaga har og fått databehandling av sin omsetning. Uttak av kommuneoversikter frå desse dataanlegg har ikkje enno vorte tilgjengeleg då salgslaga ikkje har program for kommuneuttak og Fiskeridirektoratets anlegg ikkje synest komplett enno. Vår oversikt er derfor mykje basert på skjøn og informasjon innhenta ved bedriftene.

BEDRIFTSVURDERING.

A/S BRINGSVOR er eit fiskebedriftskonsern med alegg i andre kommuner. Innan fiskeforedling har J.M.Bringsvor A/S og Sandshamnfisk A/S vore lokalisert til Sande. Produksjonen har vesentleg vore innan saltfisk/tørrfisk. Dei siste åra har serleg tørrfisk vore inne i ei vanskeleg periode med omsetninga. Dette har ført til store lager som har hemma bedriftene. Saltfisk har hatt betre forhold. Dei to bedriftene i Sande har hatt variert utvikling.

SANDSHAMNFISK starta pakking for konsernet i 1984. For 1985 var omsetninga omlag 3,0 mill. kr. og omlag 5 årsverk. Denne produksjon vart uaktuell i 1986 så bedrifta har ikkje hatt aktivitet.

J.M.BRINGSVOR har hatt redusert aktivitet over fleire år. Omsetninga for 1985 var omlag 4,0 mill kr. og omlag 10 årsverk i arbeidsinnsats. For 1986 viser omsetninga 13,0 mill kr. og insats i arbeid omlag 11 årsverk. Auken i omsetninga skriv seg vesentleg frå lager.

For dei to bedriften vert samla endring frå 1985.

1985	Tilsette - 17	Omsetn.- 7.0 mill. kr.	Arsverk - 15
1986	Tilsette - 12	Omsetn.- 13.0 mill. kr.	Arsverk - 11
ENDRING	Ned 5	Opp 6.0	Ned 4

MYKLE PRESERVING har over fleire år vore inne i omstilling. I 1986 har bedrifta lansert nytt produkt. Prøveproduksjon kom igang i slutten av året og ein forventar å vere i produksjon på nyåret. Ved ordinær produksjon kan ein beregna sysselsetting av 6 kvinner og 2 menn.

SANDANGER HERMETIKK har tross stramt marked igjen hatt eit godt år. Dedrifta har markedsført eit nytt produkt "Hermetisert brød" som ein ventar kan verte ein tilleggsaktivitet av. Ellers er produsjonen vesentleg hermetikk, fiskebollar og gaffelbitar.

BEITVEIT FRYSERI har hatt utredning om aktivitetsøkning. Ein har dreve fryselagring av fryseprodukt frå fiskeflåten og andre. Mottak av lokal fiska akkar fall heilt ut i 1986 då fisket slo +eilt feil. Det har ikkje vore fast tilsette ved bedrifta. Med bakgrunn i overnemde utredning har bedrifta vore inne i planlegging av auka drift der og salg av bedrifta er med i vurderinga.

RÅSTOFFSITUASJONEN.

Prisleiet er generelt aukande og har hatt markert stigning siste år. I vårtoskefisket har kjøpefartøy frå Ålesund hatt markert innslag på etterspørselen og prisen sidan fisket har vore svakt også denne sesong. Lokalt kjøp har demed vore lite. Tilførsel av banklinefisk har vore noko redusert og prisane høge. Torsk frå nordlege farvatn er aukande innslag i råstoffet. Sild er framleis lite nytta ved våre anlegg, med unntak av delproduksjonen ved Sandanger Hermetikk. Generelt kan seiast at kravet til bedriftene er aukande når det gjeld anvendelse og effektivitet grunna høg pris på råstoff.

OVERSIKT OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I SANDE GJENNOM
SUNNMØRE FISKESALGSLAG I 1986.

Fiskeslag	Kvantum kg.	Verdi i Kr.
Akkar	566	2.637
Blålange/brosme	189.731	1.417.739
Hyse	69.765	436.163
Kveite/Flyndre	1.200	7.154
Lange	69.425	782.332
Lyr	3.677	18.143
Sei	179.423	1.006.860
Torsk	70.302	695.932
Diverse	1.076	6.065
SUM	585.165	4.373.025

ENDRING I KVANTUM OG PRIS OVER FISK LEVERT TIL BEDRIFTENE I
SANDE GJENNOM SUNNMØRE FISKESALGSLAG. 1981-86.

År	Kvantum ton	Verdi (1000 kr.)	Kvantum	Verdi
1981	2.319	11.853	0	0
1982	1.660	5.968	ned 28%	ned 49%
1983	1.310	6.504	ned 21%	opp 9%
1984	1.110	4.826	ned 15%	ned 26%
1985	515	3.246	ned 54%	ned 33%
1986	585	4.373	opp 14%	opp 35%

5.0 FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR (HAVBRUK)

5.1 Fiskeoppdrett er etter lov underlagt et konsesjonssystem. Ein må derfor ha tillatelse, løyve eller konsesjon for å drive fiskeoppdrett. Dei tre orda betyr i praksis det same. I oversikt som fylgjer er alle medtekne.

KONSESJONSOVERSIKT. (antal)

Type	Sande	Vanylven	Tildelt 1986	S.	V.
Matfisk Laks/Aure	3	2		1	0
Matfisk Torsk	0	1		0	1
Settefisk Laks/Aure	0	4		0	2
Skalldyroppdrett	3	9		2	0
SUM	6	16		3	3

NB. Tre av skalldyrkonsesjonane i Vanylven er under sletting. Tabell 5.1 (bak i heftet) viser oversikt over havbruksaktivitet med søknader i SANDE pr. feb-87.

Tabell 5.2 (bak i heftet) viser liknande for VANYLVEN.

AKTIVITETSOVERSIKT HAVBRUK. 1986. (Anlegg i drift)

SANDE

Anlegg	Tilsette	Omsetning	Arbeidsinsats
Bringsvorlaks	0 kv. 3,5 m	5,5 mill.	3,5 årsverk.
Vestlaks	0 kv. 4 m	6,5 mill.	4,0 årsverk.
SUM SANDE	0 kv. 7,5 m	12 mill.	7,5 årsverk.
For 1985 viste liknande oppsett			7,0 årsverk.

VANYLVEN

Van. Stam og Settef.	0 kv. 7,0 m	6,5 mill.	7,5 årsverk.
Skorge og Bjørge f.	0 kv. 2,5 m	2,5 mill.	3,0 årsverk.
Skorge Ørretoppdr.	0 kv. 1,5 m	1,0 mill.	1,5 årsverk.
Starlaks.	0 kv. 2,0 m	2,5 mill.	3,0 årsverk.
SUM VANYLVEN	0 kv. 13 m	12,5 mill.	15,0 årsverk.
For 1985 viste liknande oppsett			9,0 årsverk.

5.2 OPPDRETT LAKS/AURE I SJØEN.

Alle dei fem anlegg i distriktet har maksimum volum. Dei to anlegg i Vanylven var i beretningsåret i oppbygging/omlegning. To av anlegga i Sande er i full produksjon etter lengre drift. Den nytildelte konsesjon er i oppstart og vil kome i produksjon frå neste år.

Noko lav temperatur i sjøen i starten av året, noko plage av manet på hausten førde til redusert resultat, men sjukdom og andre større problem har ein ikkje hatt. Ein kan derfor stort sett karakterisere året som godt. Alle anlegg er og i stabil utvikling.

Tildeling av nye konsesjonar til denne del er ved konsesjonsrunder. Runde 1985-86 er i behandlingsavslutning og ny runde er ikkje bestemt.

Tabell 5.3 (bak i heftet) viser oversikt over månemiddeltemperaturar ved anlegga for 1986.

5.3 OPPDRETT LAKS/AURE, SETTEFISK.

I tillegg til dei to tidlegare etablerte anlegg fekk Vanylven tildelt to konsesjonar på settefisk. Begge lokalisert til Vedeldselva, Rovde. Rovdefisk A/S konsesjonsvolum 500.000 og Viking Salmon/Laks A/S 175.000 stk.

Konsesjonsøknad til eit anlegg tilknytt Krokvikelva er under behandling.

STAMFISK LAKS/AURE.

Nye forskrifter for stamfisk til Laks/Aure kom i 1986. Etter desse er det to hovuddelingar. Eit opplegg går ut på at eit sentralt avlsråd med fylkesavdelingar får tildelt stamfiskstasjonar med underanlegg. Vanylvsfisk vart utpeika av dette råd til underanlegg og vil etter systemet få drive avlskonsesjon på 8000 kub.m etter retningslinjer frå avlsrådet. Anlegget er tenkt lagt til Slagnesvika.

Det andre opplegg er at konsesjonsinnehavarar av begge typer i Laks /aure kan søkje om tilleggskonsesjon på 1000 kub.m. for stamfiskoppdrett. Inntil fire søkjarar kan gå saman om et anlegg.

5.4 SKJELLDYR KING.

Ineressa for skjelldyrking er relativ lav i distriktet. Dette har vesentleg sin grunn i at økonomien er svak for slikt oppdrett. Etter forsøk som gjorde synest vekstforholda vere gode for blåskjell. Problem med ærfugl er ikkje løyste. For østers synest veksten vere i svakaste laget. Den svake økonomien gjer at innsatsen er svak. Vanylven fekk ikkje nye konsesjonar i -86. Sande fekk 2 nye konsesjonar i -86, ein vestanfor vegsambandet Sandsøy-Voksa og ein ved Vorren, Sandsøy.

5.5 OPPDRETT NYE ARTAR.

Interessa for nye artar er stor i distriktet. Den største interesse er for oppdrett av kveite. Ellers er det ved søknader vist interesse for ål og kjempereker i ferskvatn og torsk. Oversikta i tabell 5.1 og 5.2 (bak i heftet) vise detaljane i søknadsmassen.

6.0 LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

6.1 STATENS FISKARBANK

Statens Fiskarbank er tiltenkt å vere verktøy for politisk styring av fiskerinæringa. Tiltak som kondemnering-tilskot for eldre uhensiktsmessige fartøy, investeringstilskot (stønadslån), tilskot for betring av arbeidsmiljø ombord, energisparetilskot er administrert av banken. Ellers lån til fiskefartøy både for nybygg, ombyggingar og reparasjonar. Siste tiltak er rente-subsidier for nybygg og større ombyggingar. Det vert sett rammer for banken sine aktivitetar på alle felt og også forskrifter og reglar for ordningane.

For 1986 administrerte Statens Fiskarbank desse tiltak:

LÅN:

1. prioritet lån	rente 11.5%
2. prioritet lån	rente 10.5% (Eldre tilskotsordn.)
Stønadslån	rente 11.5% (Eldre tilskotsordn, 5 års rente og avdragsfritt)
Likviditetsslån	rente 11.5% (Støtte til ny tur)
Driftskreditt	rente 11.5% (Eldre ordning)
Redskapslån	rente 11.5%
Rentesubsidielån	rente 8.0% (Til nybygg og omb.)
Investeringstilskot	Til nybygg med innv. rentesub-lån

STØTTE, TILSKOT: (Etter hovudavtalen med Staten)

Kondemnering av eldre uhensiktsmessige fartøy.

Støtte til arbeidsmiljøforbetring ombord.

Støtte til mekanisering av kyst-line-fartøy.

Tilskot til etablering av samarbeids-selskap i fiske.

Oversikt over lånegjeld i St.Fiskarb. kommunevis:

SANDE:

Utestående pr. 31/12.85.	Kr. 26.790.267,-
Utestående pr. 31/12.86.	Kr. 26.427.999,-

Innvilga lån 1985	Kr. 10.857.981,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.950.000,-

VANYLVEN:

Utestående pr. 31/12.85.	Kr. 11.004.232,-
Utestående pr. 31/12-86.	Kr. 11.689.997,-

Innvilga lån 1985	Kr. 20.000,-
Innvilga lån 1986	Kr. 3.745.000,-

TAKSTNEMDER:

Statens Fiskarbank har kommunalt utnemde takstnemder. For perioden 1984-87 er desse utnemde.

SANDE:

Medlemer

Fredrik Både, Sandhamn (Form.)
Eivind Kobbevik, Åram (N.form.)
Jakob Strand, Gjerdsvika (Medl.)

Varamenn

1. Henrik Møller
2. Roar Kvamme
3. Marvin Longva

VANYLVEN:

Kåre Krokvik, Fiskåbygd (Form.)
Petter Knardal, Rovde (N.form.)
Ola Arseth, Eidså (Medl.)

1. Per Berge
2. Arthur Wik
3. Knut M. Myklebust

6.2 ANDRE LÅNE OG FINANSIERINGSKJELDER.

DISTRIKTENES UTBYGGINGSFOND har klassifisering av kommunene etter utbyggings-status. Både Sande og Vanylven har utbyggings-status med 25%. Dette tilseier tildeling etter distrikts-skattelova og prioritering i lån og tilskot frå D.U.

Fiskefartøy har vore unnatekje D.U.-midlar då desse er mobile anlegg. Ved klassifisering som pionerprosjekt kan desse kome under D.U.-status. Fiskeforedling og fiskeoppdrett har tilgjenge til D.U.-midlar. Slike anlegg innan distriktet har fått slike midlar, men vi har ikkje oversikt over størrelsen. Søknader og tilsagn i D.U. går ikkje gjennom vårt kontor.

LOKALE BANKAR har stor betydning for finansieringa av fiskerinæringa lokalt. Toppfinansiering og driftskreditt vert etter det vi kjenner til stort sett garantert frå lokale bankar for alle prosjekt. Utan slik garanti synest finansiering innan fiskerinæringa vere vanskelig, gjerne serleg for nye prosjekt.

Desse banksamanslutningar har avdelingar i distriktet.

SUNNMØRSBANKEN

SPAREBANKEN MØRE

AKSJE-SELSKAP som selsskapsform vert meir vanleg også innan fiskerinæringa. Finansiering ved kommanditt-innbyding vert også brukt i distriktet i tilknytning til A/S.

DISTRIKTSSKATTELOVA sine avsetningar har ikkje vorte tilført fiskerinæringa i distriktet med unntak av lokale avsetningar, så langt vi kjenner til.

7.0 TILTAKSARBEID - PLANAR.

Tidlegare planar om lineegnesentralar vart til realitet i 1986 då to sentralar vart oppretta i Sande.

Tidlegare tiltak for opplæring innan fiskeoppdrett vart og oppfylgt idet to A.M.O-kurs (12 vekers) vart halde ved Herøy Vidaregåande Skule.

Opplæring i fiskebehandling for fiskarar vart og halde ved skulen ved et tre vekers kurs (A.M.O.). H.V.S dekkjer og vidaregåande tilbod for Sande.

Desse kurs er komne igang, etterspørselen synest vere stor, men det kan skorte på midlar til arbeidsmarkedskurs. Dette ser ut til å verte problem for 1987.

Ein har hatt kontakt med tre skular på ungdom- og barnetrinnet angående orientering om næringa. Slik kontakt ventar ein vil fortsette.

Det vart ikkje tilsett tiltakskonsulent i Sande i 1986.

Fiskeoppdrett (Havbruk) ventast fortsatt vere det mest aktuelle vekstområde i distriktet. Andre artar enn laks/aure kan ventast verte aktuelle i næraste framtid. Kveiteoppdrett kan synest vere det neste "store" felt. Tilrettelegging for slik aktivitet kan det synest bør tilleggast høg prioritet. Etter foreløbig vurdering kan det synest som oppdrett i landanlegg vert den beste form. Det skulle tilsei at naturleg beskyttelse for anleggsplassen ikkje vert like påkrevd. På denne bakgrunn kan ein forvente at kommunane sine potensielle anleggsplassar for fiskeoppdrett vert utvida til nye område.

Forureining av sjøområda synest å verte meir aktuell. Ikkje at forureininga er for stor, men snarare at den er feil. Alt det organisk omsettelig avfall burde forsøkjast omsett enten i havet eller på andre måtar på rett måte. Problemet er nok at mykje av avfallet inneheld stoff som ikkje kan omsettast i naturen eller er miljøgifter. Havet har stor organisk produksjonskapasitet, men må tilførast biologisk grunnlagsmateriale for slik produksjon.

Kartlegging av forureiningskjelder til sjøområda er nødvendig om ein skal kunne planmessig endre på dei uheldige forhold. Slik kartlegging er i gang på fylkesplan med hjelp frå kommunane og skulle kunne verte grunnlag for kommunal planlegging når den vert avslutta.

Tiltaksarbeid med sikte på å tilrettelegge forureininga frå andre aktivitetar på ein slik måte at uheldig utvikla område kan opnast for havbruksaktivitet bør giast høg prioritet. Ein vonar og at kommunane vil vise den fylkeskommunale havbruksplan stor nok interesse til at det vert eit brukbart grunnlag for vidare arbeid.

Reduksjon i forureining frå havbruk er og problem som må visast interesse.

Etter å ha innhenta erfaring med problema og ein meiner å ha ein oversikt bør arbeidet med kystsone-plan startast i begge kommuner.

8.0 OPPSUMMERING/STATUS.

For fiskerinæringa i distriktet kan 1986 karakteriserast som eit realismens år. Optimismen frå året før gav ikkje det resultat ein hadde forventa. Rekefisket i Barentshavet slo feil, skjellskrapinga møtte vanskar og utbytte av den veksande silderessurs vart mager. Torskeressursen vaks heller ikkje etter håpet. Ein kan likevel mest grunna gode prisar på fisken føre året sett frå rettleiardiistriktet inn med karakteristikken, stort sett svakt, men med lyspunkt.

Både på landsbasis og i distriktet har fisket fått auke i utøvarar. Dette tilskrивast auking i skjell-flåten. Ressurs-situasjonen og krav til rasjonell drift tilseier ikkje at ein kan forvente behalde antall arbeidsplassar i fiske i framtida.

Fiskeindustrien har og problem med å halde arbeidsstokken då rasjonalisering med reduksjonar for å halde kostnadane på eit nivå som markeda kan godta stadig går igjen. Reduksjon i fiske-landingar og delproduksjon ombord er merkbart. Omstilling, nye produkt, kostnadsreduksjon, rasjonalisering er ord som går igjen i tradisjonell aktivitet og krev industri-alisering med tap av tradisjonelle arbeidsplassar.

Fiskeoppdrett (Havbruk) har etter prognoser enno mykje vekst igjen. Forsking med dei nye artar viser lovande resultat og kan snart vere klar for å utnytte i næringsøyemed. Om den avgang av arbeidskraft ein meiner å kunne forvente i tradisjonelle aktivitetar skal finnast plass i havbruk, må aktiviteten aukast monaleg.

Som Konklusjon og avslutning kan ein vel sei at 1986 var eit år med mange intressante problem som delvis fikk sin løysing og eit rimeleg resultat og nye intressante problem gir håp for framtida.

FISKERIRETTLEIAREN I SANDE OG VANYLVEN

ARSMELDING 1986, TILLEGG OM FISKEFRAKTEFLÅTEN

AKTIVITETSOMRÅDE.

For frakting av smolt og levande slaktefisk innen fiskeoppdrett er det etablert ein frakteflåte. Fartøya er utstyrt med tankar for frakt av levande fisk i vatn. Ellers utstyr for å gi fisken det beste miljø under transporten og lasting, lossing. Til Sandshamn kom det eit slikt fartøy i 1984, i 1986 kom det to fartøy til. Det er dermed heimehøyrande tre slike fartøy på Sandøy. M/S BRUDANES, M/S FISKETRANS og M/S SØLVTRANS.

AKTIVITET.

Hovedaktiviteten for fartøya har vore innan fiskeoppdrett. Denne aktivitet har vore sesongprega med smoltfrakt mai - august og slaktefisk resten av året. Slaktesesongan har ikkje gitt full beskjeftigelse for fartøya slik at dei har vore engasjert i andre aktivitetar som sildefrakting RSW, og som oppkjøparfartøy under torskefiske. I 1986 hadde alle rimelig god aktivitet.

SYSSELSETTING.

Fast bemanning på desse fartøy er 3, 5 og 4 mann, sum 12 mann. I tillegg er vikarar nytta under ferie-avikling.

ØKONOMISK BIDRAG TIL SANDE.

For eit rimeleg driftsresultat vil desse fartøy ha behov for ein omsetning på mellom 2 og 2,5 million kr. sum 6 - 6,5 mill.Kr.

Dette er eit nytt verdifulle tillegg i næringsaktivitet i Sande.

TABELL-2.1 FISKARMANNTALET

TABELLOVERSIKT VED ÅRETS SLUTT: SANDE
 ENDRINGAR SISTE TRE AR:

AR	BLAD-A	ENDRINGAR		BLAD-B	ENDRINGAR		SUM	ENDRINGAR
1984	23	UT 1	INN 6	211	UT 7	INN 4	234	+3
1985	23	UT 2	INN 2	201	UT 18	INN 8	224	-10
1986	26	UT 1	INN 4	205	UT 26	INN 33	231	+7

Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Sande kommune.

	Gjerdsvika				Gurskebotn				Haugsbygda				Larsnes			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
1984	1	4	38	18	0	0	15	7	3	13	29	14	5	22	20	9
1985	1	4	34	17	0	0	14	7	3	13	24	12	4	17	20	10
1986	1	4	33	16	0	0	15	7	3	12	28	14	5	19	19	9

	Kvamsøy				Sandshamn				Åram				Sande kommune			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
1984	4	17	36	17	8	35	47	22	2	9	26	12	23	100	211	100
1985	6	26	36	18	7	30	47	23	2	9	26	13	23	100	201	100
1986	8	31	41	20	7	27	40	20	2	8	28	14	26	100	205	100

TABELL 2.1

TABELL-2.2 FISKARMANNTALET

TABELLOVERSIKT VED ÅRETS SLUTT: VANYLVEN

ENDRINGAR SISTE TRE ÅR:

ÅR	Blad A		ENDRINGAR		Blad B		ENDRINGAR		SUM- ENDRINGAR	
	UT	INN	UT	INN	UT	INN	UT	INN	UT	INN
1984	12		1	2	121		6	17	133	+12
1985	10		4	2	129		14	22	139	+6
1986	12		0	2	140		11	22	152	+13


Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Vanylven kommune.

	Rovde				Syvde				Eidså				Fiskåbygd			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
1984	0	0	4	3	4	33	46	38	1	8	11	9	5	42	29	24
1985	0	0	4	3	4	40	45	35	1	10	12	9	4	40	37	29
1986	0	0	5	4	4	33	51	36	1	8	16	11	5	42	38	27

	Sylte				Slagnes				Aheim				Totalt			
	A		B		A		B		A		B		A		B	
	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
1984	2	17	19	16	0	0	2	2	0	0	10	8	12	100	140	100
1985	1	10	19	15	0	0	2	1	0	0	10	8	10	100	129	100
1986	2	17	18	13	0	0	1	1	0	0	11	8	12	100	140	100

TABELL 2.2

TABELL 2.3



TABELL 5.1

 OVERSIKT OVER HAVBRUKSAKTIVITET I SANDE KOMMUNE (Feb.-87)

ANLEGG I DRIFT: Matfisk Laks/Aure

1. Vestlaks, Marøya, 6089 Sandshamn 8000 kub.m. Full drift
2. Bringsvorlaks, Vorren, 6089 Sandshamn 8000 kub.m. Full drift.

Skalldyr.

3. Sverre Strandbo, Juvuka, 6084 Larsnes 1 da. Prøvedrift

KONSESJONAR UTDELT: Matfisk Laks/Aure

4. Jan Bugge M/fl. Flatøy, 6089 Sandshamn 8000 kub.m. Konesesjon 1986

Skalldyr

5. Rangvald Halsebakk, Varholmen, 6089 Sandshamn 4 da. Konesesjon 1986
6. Oddleif Vorren, Vorren, 6089 Sandshamn 4 da. Konesesjon 1986

SØKNADER UNDER BEHANDLING: Matfisk Laks /Aure

Oversikt over søknader for konesesjonsrunde 1985-86 vedlagt.

Settefisk Laks/Aure

7. Brandal Fisk og Akvakultur, Sørbrandal 500.000 smolt
8. Kjell Veibust, Sørbrandal 500.000 smolt
9. Otto Sandanger, Gjerdsvik, 200.000 smolt

Torsk

10. Bjarne Hide, Trettholmane, 6089 Sandshamn Avslag 1986


Kveite

11. Nupafisk, Nupen, 6084 Larsnes Landanlegg 1000 kub.m.
12. Sande Seafarm, Stokset, 6077 Gjerdsvika Landanlegg 1000 kub.m.
13. Fridtjof Vorren, Vorren, 6089 Sandshamn Damanlegg isjoen 1000 kub.m.
14. Voksafisk, Voksa, 6089 Sandshamn Landanlegg 1000 kub.m.
15. Wil-Mo Havbruk, Sandvikstranda, 6083 Haugsbygda. Landanl. 1000 kub.m.

Skalldyr

16. Brandal Fisk og Akvakultur, Sørbrandal 4 da.
17. Lidvar Kragset, Hakallestranda 6149 Aram 4 da.
18. Roger Gjerde, Sandvikstranda, 6084 Larsnes 4 da.

Nummer referert i oversiktskart 1:50.000 (sjå baksida)



VEDLEGG TIL OVERSIKT OVER
 HAVBRUKSAKTIVITET I SANDE.

Sjokart nr. 30 M=1:50.000

Sør-Strandil
 Elv

ANLEGG I DRIFT:Matfisk Laks/aure:

- | | | |
|--|-------------|-------------|
| 1. Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett, 6146 Aheim. | (8000 k.m.) | Full drift. |
| 2. Star-Laks, 6130 Rovde | (?) | Full drift. |

Settefisk Laks/aure:

- | | | |
|---|-----------|-------------|
| 3. Skorge Ørretoppdrett, 6146 Aheim | (80.000) | Full drift. |
| 4. Vanylven Stam og Settefisk A/S, 6146 Aheim | (250.000) | Full drift. |
| 5. Rovdefisk A/S, 6130 Rovde, Kons.1986 | (500.000) | Nystarta. |

Stamfisk Laks/aure:

- | | | |
|--|-------------|----------------------------|
| 6. Norsk Fiskeoppdr.Forening, Møre og Romsdal
Vanylven Stam og Settefisk A/S, 6146 Aheim. | (8000 k.m.) | Kons. 1987.
I starting. |
|--|-------------|----------------------------|

UTDELTE KONSESJONAR:

- | | | |
|---|-------------|----------------|
| 7. Viking Laks/salmon A/S, 6130 Rovde, Settefisk Laks/aure
Konsesjon tildelt 1986. | (175.000) | Under planlegg |
| 8. Syvdefisk A/S, 6140 Syvde, Matfiskoppdrett Torsk
Konsesjon tildelt 1986. | (1000 k.m.) | Under planlegg |

Blåskjell - Tillatelsar:

- | | | |
|----------------------------------|---------------|----------------------|
| 9. Petter Kviebakk, 6144 Sylte | Kystdir.1979. | Uregistrerbar drift. |
| 10. Vanylvsfisk, 6146 Aheim | Kystdir.1979 | Under sletting |
| 11. Vanylvsfisk, 6146 Aheim | Kystdir.1979 | Uregistrerbar drift. |
| 12. Oddmund Nygård, 6130 Rovde | Kystdir.1981 | Uregistrerbar drift. |
| 13. Elias Bakkebø, 6146 Aheim | Kystdir. 1979 | Uregistrerbar drift. |
| 14. Harald Kroknes, 6145 Slagnes | Kystdir. 1980 | Uregistrerbar drift. |

Skalldyroppdretts-løyve:

- | | | |
|--|----------------------|----------------|
| 15. Elias Bakkebø, 6146 Aheim | Fiskeridir. M/vn.302 | Under sletting |
| 16. A/S Kroknesvågen, v/Magne Osnes, Aheim | M/vn.301 | Under sletting |
| 17. Arne Vik, 6145 Slagnes | M7vn.303 | Prøvedrift. |

SØKNADER UNDER BEHANDLING:

Matfisk Laks/aure: Konsesjonsrunde 1985-86 førte ikkje til nye til-
delingar for Vanylven. Vedlagt oversikt over søk-
nader ved denne tildeling på eige vedlegg.

Settefisk Laks/aure:

- | | | |
|--|-----------|----------------|
| 18. Norco Settefisk, 6140 Syvde. | (450.000) | Avslag. |
| 19. Krokvik Smoltfarm, 6143 Fiskåbygd. | (200.000) | Under behandl. |
| 20. Syvde Dambruk A/S 6140 Syvde. | | Under behandl. |


Matfisk Andre fiskeslag:

- | | | |
|-----------------------------------|------------------|----------------|
| 21. Norco Seafarm, 6140 Syvde. | Prøveanl. Kveite | Under behandl. |
| 22. Ocean Halibut, 6130 Rovde. | Prøveanl. Kveite | Under behandl. |
| 23. Hånesfisk A/S 6130 Rovde. | Prøveanl. Kveite | Under behandl. |
| 24. Syvde Dambruk A/S, 6140 Syvde | Prøveanl. Reker | Under behandl. |

Stamfisk Laks/aure:


- | | | |
|---|-------------|------------|
| 25. Skorge og Bjørge Fiskeoppdrett, Aheim | (1000 k.m.) | Under beh. |
| 25. Skorge Ørretoppdrett, Aheim | (1000 k.m.) | Under beh. |
| 26. Rovdefisk, 6130 Rovde. | (1000 k.m.) | Under beh. |
| 27. Viking Laks/Salmon, 6130 Rovde. | (1000 k.m.) | Under beh. |

Nummer refererar seg til utplotting på vedlagt kart.



HAVBRUKSPLANEN I MØRE OG ROMSDAL
INNSAMLING AV DATA.

Legg til oversikt over havbruk
i Vanylven kommune feb. 1987.



SJØTEMPERATUR VED OPPDRETTETS ANLEGG (MÅNEMIDDEL-TEMP)

